



Arkivnr: 2014/22031-7

Saksbehandlar: Stig Aasland

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for opplæring og helse		05.02.2019

Høyring om forskrift om tildeling av utdanningsstønad for 2019/20**Samandrag**

Forskrift om tildeling av utdanningsstønad vert fastsett for eitt undervisningsår om gongen.

Kunnskapsdepartementet sende 9.11.2018 ut forslag til forskrift for undervisningsåret 2019–2020 på høyring.

Endringane i forslaget er avhengig av budsjettbehandlinga i Stortinget. Hovudendringane i forslaget er som følgjande:

- Opne opp for å gje stønad til lastebilsjåførutdanning for vaksne, på same vilkår som for studentar i høgare utdanning.
- Fjerne minstekrav for tal undervisningstimar som krav for å få stønad til å ta vidaregåande opplæring for vaksne.
- Presisere reglane for stønadsbeløp til vaksne elevar i vidaregåande opplæring slik at dei ikkje får redusert stønad på grunn av fritak for kroppsøvingsfaget.
- Gjennomføre siste del av opptrappingsplanen til elleve månaders stønad.
- Innføre eit nytt element i ordninga for gjere om lån til utdanningsstipend for høgare utdanning som gir delar av utteljing først når studentar gjennomfører ein heil grad.
- Justere definisjon av kven som vert rekna som å bu saman med sine foreldre.

Høyringsfrist til Kunnskapsdepartementet er 8. februar 2019. Høyringsutkastet ligg som vedlegg.

Økonomi: Ingen effekt**Klima:** Ingen effekt**Folkehelse:** At det blir enklare for vaksne å fullføre vidaregåande utdanning, er eit positivt tiltak i eit folkehelseperspektiv.**Regional planstrategi:** Ingen effekt**Forslag til vedtak**

Utval for opplæring- og helse sluttar seg til forslaga til endring i vilkåra for utdanningsstøtte slik det går fram av saksframlegget.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg: Høringsnotat- forskrift om tildeling av utdanningsstøtte for 2019-2010

Fylkesrådmannen, 10.01.2019

Generell kommentar til høyringsutkastet

Hordaland fylkeskommune er positiv til innhaldet i høyringsutkastet. Under vert det kommentert på dei punkta i utkastet som HFK har særskilde merknader til.

Rett til stønad til yrkessjåførutdanning ved godkjende trafikkskular og auka lån til skulepengar

Departementet fekk innspeil i høyringsrunden til forskrifta om tildeling av utdanningsstønad for 2018-19 om at ramma for finansiering av bussjåførutdanninga ikkje var tilstrekkeleg. Det vart blant anna peika på at utgiftene i utdanningsperioden burde dekkast fullt ut på grunn av tap av inntekt, og at stønadsperioden ikkje var tilpassa korleis utdanninga faktisk er lagt opp.

Departementet foreslår difor å innføre rett til stønad til lastebilsjåførutdanninga ved trafikkskular som er offentleg godkjende, samt å auke lånebeløpet til finansiering av skulepengar for yrkessjåførutdanning som gir rett til stønad. Det er behovet for å auke rekrutteringa av bussjåførar til kollektivtrafikken på kort sikt som er grunnen til at utdanninga for persontransport nå gir rett til stønad frå Lånekassen. Frå og med 2018/2019 kan vaksne som tar bussjåførutdanninga få finansiering av utdanninga gjennom Lånekassen. Utdanninga gir rett til stønad på same vilkår som for studentar i høgare utdanning. Det betyr tilgang til basisstøtte i ein fastsett periode og tilgang til lån til skulepengar med same sats som høgare utdanning.

Kommentar

Behovet for godt fagleg kvalifiserte sjåførar til transportnæringa er stort både i høve til auka etterspurnad etter personell og for å styrke trafikktryggleiken på eit hardt belasta vegnett. Kostnadene ved utdanninga er store. Styrka tilgang til lån gjennom Lånekassen vil kunne stimulere rekrutteringa til næringa og utvikle den driftsretta og trafikale kompetansen i sektoren.

Fjerne minstekrav for tal undervisningstimar for vidaregåande opplæring for vaksne

Vidaregåande opplæring som følgjer offentleg godkjende læreplanar, må i dag ha minst seks undervisningstimar per veke for å gi rett til stønad. Kravet om seks undervisningstimar kjem i dei tilfella der det er klasseromsundervisning, men blir ikkje stilt der det er nettundervisning eller ein kombinasjon av nett- og klasseromsundervisning. Etter dagens praksis er det ulik handtering av ulike undervisningsformer ettersom det ikkje er mogleg å berekne kor mange timar undervisninga som skjer på nett skal eller bør tilsvare.

Departementet ønskjer å legge til rette for auka mangfold og fleksibilitet i lærings- og undervisningsformer som eit viktig verkemiddel for kompetanseheving. Å fjerne kravet vil sikre likebehandling av utdanninger uavhengig av måten dei vert organisert på. Dette støttar opp under regjeringa sitt arbeid med å legge til rette for å lære heile livet og å gi moglegheit til påfyll av kunnskap. Departementet foreslår difor å fjerne kravet til minst seks undervisningstimar per veke for vidaregåande opplæring som følgjer offentleg godkjende læreplanar for både fulltidsutdanning og deltidsutdanning.

Kommentar

Den vidaregåande opplæringa for vaksne skal tilpassast den vaksne sin kvardag for å vere gjennomførleg, jf opplæringslova § 4A-3. I praksis betyr dette at opplæringa vert komprimert til færre undervisningstimar, organisert som nettbaserte tilbod, eller ein kombinasjon mellom nett og stadbunden opplæring. Studiebelastninga, tal fag og timar brukt til studia, er like fullt tilnærma den same og bør vere utgangspunktet for studiefinansieringa gjennom Lånekassa. Likebehandling av studieformene iht Lånekassen vil sikre at den einskilde etterspør studieformer som er føremålstenlege heller enn opplæringstilbod som sikrar tilgang til finansiering.

Stønadsbeløp til vaksne elevar i vidaregåande opplæring med fritak for kroppsøvingsfaget

Stønad til vidaregåande opplæring for vaksne vert berekna etter studiebelastning. Studiebelastninga for vidaregåande opplæring vert berekna ut frå del av årstimetalet for utdanningsprogrammet eleven tar. Vaksne som følgjer vidaregåande opplæring som er spesielt organisert for dei etter opplæringslova § 4A-3, fekk i 2012 rett til fritak for kroppsøvingsfaget etter forskrift til opplæringslova § 3-23. Etter langvarig og fast praksis i Lånekassen vert kroppsøvingstimane talt med i årstimetalet, trass i fritaket. Det fører til redusert

støtte frå Lånekassen som berekner eleven som deltidselev. Mottakaren av stønad frå Lånekassen i vaksenopplæringa har i hovudsak lita inntekt ved sida av stønaden og er avhengige av lån og stipend. Konsekvensane av redusert utdanningsstønad for denne gruppa er derfor uheldige for rekrutteringa til vidaregåande opplæring.

Departementet meiner at vaksne som får opplæring etter opplæringslova § 4A-3, ikkje bør få redusert stønadsbeløpet på grunn av eit eventuelt fritak for kroppsøvingsfaget. Dette er i tråd med regjeringa sine signal i Jeløy-plattforma om å vurdere korleis det kan bli enklare å få finansiering av livsopphald for vaksne som ønskjer å studere for å gjere seg meir attraktive i arbeidsmarknaden. Departementet foreslår difor å endre § 7-3 slik at det vert presisert at fritak for kroppsøvingsfaget som vaksne med rett til vidaregåande opplæring har, ikkje skal føre til redusert stønadsbeløp.

Kommentar

Vaksenopplæringa i Hordaland fylkeskommune har opplevd det som problematisk at vaksne har fått redusert stønad frå Lånekassen til si vidaregåande opplæring etter at fritaket i gymnastikkfag kom i 2012. I sin tur kan redusert høve til studiefinansiering ha halde vaksne frå å realisere sitt ønskje om vidaregåande opplæring. Det er soleis naturleg og på tide at departementet no harmoniserer desse endringane i regelverket.